



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Aktuelle høringsinstansar

FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		49637/2016/121	Ingunn Bekken Sjøholm, tlf 71 25 82 86	30.06.2016

Fylkesplan 2017-2020 - invitasjon til høyring

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal vedtok den 27. juni å leggje forslag til Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020 til høyring.

Høyringsfrist er 1. oktober.

Bakgrunn og formål

I Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2016-2020 har fylkestinget prioritert å ha ein overordna regional plan, Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020. Dette gir høve til å sjå utviklinga på ulike sektorar, forvaltningsnivå og kommunar under eitt, og bringe sammen aktørar frå ei rekke ulike samfunnsområde.

Planen skal gi fylkeskommunen, kommunale og regionale styresmakter, næringsliv, institusjonar og organisasjonar i fylket eit prioriterings- og avgjerdsgrunnlag. Planen skal også medverke til godt samarbeid og samhandling i fylket.

Informasjon om fylkesplanen finn du her: www.mrfylke.no/fylkesplan. Her finn du og ein planomtale.

Fylkeskommunen har gjennom fylkesplanen ansvar for å:

- Gi strategisk retning til samfunnsutviklinga i Møre og Romsdal
- Mobilisere og støtte dei regionale aktørane – i kommunar, regional stat, næringsliv, organisasjonar, FoU-miljø, kulturliv og lokalsamfunn
- Samordne verkemiddel og innsats

Innhald i planen

Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020 har tre overordna prioriteringar, tre innsatsområde og tre gjennomgåande perspektiv.

Dei tre overordna prioriteringane er områder der fylkeskommunen saman med kommunane og andre regionale aktørar er utfordra til å ta nye grep for å gjere fylket meir attraktivt å bu i, drive næring i og besøke. Kva som blir dei konkrete samarbeidsprosjekta vil bli avgjort saman med aktuelle samarbeidspartnarar i løpet av planperioden. I utkast til fylkesplan er løfta fram tema som kan vere aktuelle.

Dei gjennomgåande perspektiva er viktige samfunnsomsyn som fylkeskommunen – og kommunane og staten – skal vurdere i alle planar og tiltak. Dei gjennomgåande perspektiva skal takast omsyn til på alle innsatsområda i fylkesplanen, og i handlingsprogramma for iverksetting av desse.

Innsatsområda er dei områda der fylkeskommunen har størst kompetanse og verkemidlar til å påverke den regionale utviklinga. Til kvar av dei tre innsatsområda er det formulert 5-7 hovudmål.

Innanfor dei ulike innsatsområda, er følgande prioritert:

- Kultur: frivillige lag og organisasjonar, kunst- og kulturformidling, folkehelse, kulturarven og bibliotek
- Kompetanse og verdiskaping: byregionar og tettstadar, lokalsamfunn, næringsliv, utdanningssystem, gjennomføring av vidaregåande opplæring og berekraftig bruk av naturressursane
- Samferdsel: kollektivtransport, transportsystemet, fylkesvegferjesambanda, omstilling til lågutsleppssamfunnet, gang- og sykkelvegnettet og trafikktrygging

Spørsmål vi ønskjer avklaring på i høyringsrunden

Vi ønskjer å høyre kva kommunane, dei regionale statsetatane, næringslivet, organisasjonane, forskings- og utdanningsinstitusjonane, kulturlivet og andre som har interesse for samfunnsutviklinga i Møre og Romsdal meiner om utkast til fylkesplan.

- Korleis er dine/dykkar interesser/fagfelt teke i vare?
- Er du/de einig i val av overordna prioriteringar?
 - Kva kan vere aktuelle samarbeidsprosjekt i fylket på desse områda?
- Er du/de einig i val av innsatsområde og hovudmål?
- Er du/de einig i val av gjennomgåande perspektiv?
- Ha du/de andre innspel til innhald, prosess eller gjennomføring?

Opne høyringsmøte

Det vil bli halde to opne høyringsmøte om revideringa av fylkesplanen.

8. september kl 12.00-15.00 på Scandic Parken hotel i Ålesund

9. september kl 12.00-15.00 på Thon Hotel i Kristiansund (NB: Merk endra dato enn tidligare varsla)

Det er fint om kommunane kan formidle informasjon om desse møta til sine eldreråd, ungdomsråd og andre medverknadsorgan.

Vidare behandling av planen

Etter høyringsperioden skal planen leggast fram for vedtak i fylkestinget i desember 2016. Planforslaget er tilgjengeleg på <http://mrfylke.no/Regionale-planar-hoeyringar>

Innspel på høyringsdokumentet kan leverast elektronisk via nettsida, eller på epost til post@mrfylke.no

Høyringsuttalar kan også sendast pr post til Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde.

Kontaktpersonar i samband med høyringa er:

Ass. fylkesplansjef Ingunn Bekken Sjøholm, ingunn.bekken.sjaholm@mrfylke.no tlf. 71 25 82 86
Fylkesplansjef Ole Helge Haugen, ole.helge.haugen@mrfylke.no, tlf. 71 25 82 80

Med helsing



Jon Aasen
fylkesordfører

Vedlegg: Forslag til Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020